

VINDAFJORD KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Onsdag 14. februar 2024 blei det halde møte i Vindafjord kontrollutval under leiing av utvalsleiar Håvard Rørtveit.

MØTESTED:	Vindafjord rådhus, formannskapssalen
MØTESTART/SLUTT:	Kl. 14.00 – 14.55
MØTENDE MEDLEMMER:	Håvard Rørtveit (H), Steinar Skartland (Krf), Liv Hovland Ruud (SV) og Knut Jørgen Sandvik (VL)
MØTENDE VARAMEDLEMMER:	1. vara Dagfinn Kvamme (Frp)
FORFALL:	Olaug Mari Øen (Sp)
FRA SEKRETARIATET MØTTE:	Utvalssekretær Sjur Hatlen - Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRA ROGALAND REVISJON:	Revisor Silje Nygård
FRA ADMINISTRASJONEN:	Kommunaldirektør Yngve Folven Bergesen
ANDRE SOM MØTTE:	Ingen
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTEN:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 01/24 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 27.11.23

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Protokoll frå møtet i Vindafjord kontrollutval 27.11.23 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 14.02.24:

Utvalet hadde ingen merknader. Protokollen blei godkjent slik han var lagt fram.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 14.02.24:

Protokoll frå møtet i Vindafjord kontrollutval 27.11.23 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 02/24 ROGALAND REVISJON IKS OM REVISOR SI ROLLE OG ANSVARSOMRÅDE

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Vindafjord kontrollutval tar informasjonen frå Rogaland Revisjon IKS om revisor si rolle og ansvarsområde i engasjementsbrevet av 14.11.23 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 14.02.24:

Leiar orienterte kort om innhaldet. Revisor forklarte at engasjementsbrevet blir lagt fram i byrjinga av kvar valperiode. Utvalet hadde ingen merknadar.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 14.02.24:

Vindafjord kontrollutval tar informasjonen frå Rogaland Revisjon IKS om revisor si rolle og ansvarsområde i engasjementsbrevet av 14.11.23 til orientering.

SAK 03/24 PLAN FOR ORIENTERINGAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Vindafjord kontrollutval vedtar følgjande plan for orienteringar frå administrasjonen:

22.05.24	økonomiavd. v/kommunalsjef
11.09.24	helse og omsorg v/kommunalsjef
06.11.24	oppvekst v/kommunalsjef

1. møte 2025
2. møte 2025
3. møte 2025
4. møte 2025

Tidsramma vert sett til 30 min. inkludert spørsmål.

Sekretariatet får fullmakt til å invitere i ei anna rekkefølge enn slik lista over kommunale leiare er sett opp, dersom den inviterte ikkje har høve til å stille i det aktuelle møtet.

Handsaming i kontrollutvalet 14.02.24:

Utvallsleiar innleia med å forklara at orienteringane er meint å gjera utvalet kjent med kommunens ulike oppgåver. Leiar føreslo at utvalet skulle vedta ein plan for 2024. Utvalet kjem attende til planen for 2025 i løpet av hausten 2024. Medlemmane støtta leiar sitt forslag, og blei einige om at var nok med ei orientering i kvart møte.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 14.02.24:

Vindafjord kontrollutval vedtar følgjande plan for orienteringar frå administrasjonen:

22.05.24	økonomiavd. v/kommunalsjef
11.09.24	helse og omsorg v/kommunalsjef
06.11.24	oppvekst v/kommunalsjef

Utvalet kjem tilbake til planen for 2025 i løpet av hausten 2024.

Tidsramma vert sett til 30 min. inkludert spørsmål.

Sekretariatet får fullmakt til å invitere i ei anna rekkefølge enn slik lista over kommunale leiare er sett opp, dersom den inviterte ikkje har høve til å stille i det aktuelle møtet.

SAK 04/24 ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2023

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for 2023 (med eventuelle endringar som kjem fram i møtet).

Innstilling til kommunestyret:

Vindafjord kommunestyre tar årsmeldinga for 2023 frå kontrollutvalet til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 14.02.24:

Leiar innleia med at årsmeldinga ga ei god oversikt over aktiviteten i 2023. Sekretær gjekk gjennom hovudpunkta i årsmeldinga. Utvalet hadde ingen særskilte merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 14.02.23:

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for 2023.

Innstilling til kommunestyret:

Vindafjord kommunestyre tar årsmeldinga for 2023 frå kontrollutvalet til orientering.

SAK 05/24 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 14.02.24

1. Statusrapport pr. februar 2024
2. Tertialrapport pr. 31.12.23 frå Rogaland Revisjon IKS
3. Tilsynsrapport frå statsforvaltaren i Rogaland ved Ølen skule
4. Protokoll frå representantskapsmøte i Haugaland Vekst 08.12.23
5. Oppsummering frå dagskonferansen i Sandnes 18.01.24
6. Oppsummering frå NKRF konferansen 31.01 – 01.02.24
7. Oppsummering frå Kontrollutvalsleiaraskulen 2024
8. Invitasjon til FKT sin fagkonferanse på Gardermoen 4. – 5. juni
9. Statsforvaltaren i Rogaland – Informasjon om statlege tilsyn med kommunane i 2024

Handsaming i kontrollutvalet 14.02.24:

Leiar gjekk gjennom referatsakene og orienterte frå kontrollutvalsleiaraskulen han hadde delteke på. Liv Hovland Ruud orienterte frå NKRF konferansen på Gardermoen. Steinar Skartland meinte at det er viktig at alle utvalsmedlemmene får delta på kurs/konferansar.

Utvalsmedlem som ønsker å delta på FKT-konferansen i juni melder sin interesse til leiar.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 14.02.24:

Referatsaker 1 – 9 blir tatt til orientering.

YMSE

Tal møter i året:

Leiar meinte at det var få møter i året og at det var lenge mellom kvart møte. Medlemmene drøfta leiar sitt innspel og om det er behov for fleire møter i året.

Sekretæren informerte om kontrollutvalet sitt årshjul. Han meinte at utifrå erfaring og saksmengde er det normalt sett nok med fire møter i året.

Utvalet blei samd om å ta ein ny diskusjon i maimøtet om behovet for fleire møter i året.

Strømming/overføring på nett av møta:

Leiar tok opp om møta skulle bli overført på nett. Medlemmene drøfta forslaget. Fleire av medlemmene meinte at det ville legge ein dempar på diskusjonane. Utvalet blei samd om at dei ikkje ønskte strømming/overføring av møta.

Medlemmene meinte at kontrollutvalet var lite synlege på kommunen sine nettsider. Kommunedirektøren opplyste at sakspapira ikkje blei lagt ut på kommunen sine nettsider grunna formatet på dokumentet.

Neste møte: onsdag 22.05.24, kl. 14.00

Foreløpige saker orientering frå økonomisjef, oppfølging av revisjonsrapport om «Digitalisering og IKT», revisjonsrapport «Plan og byggjesak» og kommunen sin årsrekneskap for 2023.

Ølen/Aksdal, 14.02.24

Håvard Rørtveit
Kontrollutvalsleiar

Sjur Hatlen
Utvalssekretær